



## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet.

Tysdag 23. februar kl 19.00-20.30.

### Tilstades:

Jon Ove Lomheim(politisk vald), Wenche Sollid(FAU), Lisbeth Skjerven(FAU), Kristian Ovrid(elevrådsrepr), Kristine Erfjord(vara - elevrådsrepr.), Kirsti Henden(lærartilsett), Elisabeth Fimreite(lærartilsett), Judtih Natvik(andre tilsette) Kjell Ertesvåg(rektor). Fråvær; Nina Hauge Sørensen(FAU),

### Godkjenning av innkalling, og referat frå førre møte. OK

#### Sak 09-2015/16: Retningslinjer for bruk av mobiltelefon ved skulen

-Gjennomgang ved rektor om bakgrunn for dette, og prosessen med det.  
Retningslinjer for bruk av mobiltelefon ved skulen vart godkjende av SU, og vert lagt til ordensreglementet ved skulen.

#### Sak 10 -2015/16: Innspel til FAU vedr høyringsskommentarar på det kommunale skyssreglementet. -Høyringssbrev finn de på skulen si heimeside/Luster kommune si heimeside FAU har motteke nokre få henvendingar kring dette. Dei innspela er sende direkte til Luster kommune.

#### Sak 11-2015/16: Temaforeldremøte våren 2016

-Ungdomskulesteget **31. mars(ny stadfesta dato)**: informasjon kring vidaregåande skule informasjon frå Politiet vedr rusrapport mm  
-Barnesteget **28. april**: Psykisk helse

#### Sak 12-2015/16: Byggeinfo

-Framdrifta går som planlagt, og bygga skal vere klare til skulestart 2016/17. Administrasjonen flyttar i veke 10(3. etasje i fellesbygget). Lærarane sine kontorarbeidsplassar(kjellar fellesbygget) og personalrommet(3.etasje fellesbygget) er klart i løpet av april, og vert teke i bruk då. Det foregår no innkjøp av inventar til desse romma. Planlegging av uteområde startar og no kring påske. Arbeidet med uteområde vil pågå på seinsommar/haust.

Det er ikkje planlagt handvaskar i klasserom på «nye» ungdomsskulen. Dette gjeld to eksisterande klasserom, og to nye klasserom. Det er 6 toalett og handvaskar knytte til klasseromma, i tillegg til nye garderobar m/toalett. Miljøretta helsevern kjem på synfaring for å sjå på dette.

I samband med riving av «Gamleskulen» må truleg 1.-3. klasse og SFO ha base i samfunnsbygget frå om lag 10. juni og ut til sommarferien.



## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet.

-Bruk av bygga utanom skuletida:

Gymsalen er fullbooka på kveldstid på kvardagar og delvis søndagskveldane. Dette gjer at me får utfordringar når nokon vil leige salen for arrangement på opptekne tider. Me ynskjer å finne gode løysingar på dette. For å få til det må me alle vere fleksible.

Det er laga ein instruks vedrørande utleige / bruk av skulekjøkkenet utanom skuletiden. Denne vert lagt på skulen si heimeside.

### Sak 13-2015/16: Uttale frå SU vedr vidare bruk av Luster vidaregåande skule?

Det byrjar å verte spørsmål kring dette. Er dette noko SU vil meine noko om?

HBU ynskjer å vere med i «arbeidet» med å «fylle» opp «Luster vidaregåande skule». Dette med tanke på at bruken av bygget må «harmonere» med det å ha ein 1.-10 skule som nabo og sambrukar av bygga og området.

På møtet kom det fram at forslag som barnehage, undervisningslokale(norskopplæringa), Kulturskule, Danseverkstad, HAUK kan vere aktuelle brukarar.

Jon Ove meinte at kommunen har engasjert arkitekt for å vurdere kva bygget kan nyttast til. Rektor tek initiativ til å delta i «arbeidsgruppa».

### Sak 14-2015/16: Ymse

-Det er tinga nytt lydanlegg til samfunnssalen. Spleiselag mellom skulen, 17.-maikomiteen, Hafslo IL og Hafslo bygdalag.

-Skulen har munnlege avtalar med grunneigarar om bruk av området deira til skuleaktivitet. Det gjeld «Beimslinja», Tang og «Trollskogen»(Øygard).

-Rekneskapen for 2015 syner for Hafslo barne- og ungdomsskule eit resultat på kr 180 000,-. Det samla resultatet(felles budsjett med Veitastrand skule) syner kr 18 646,-.

-Klatreparken skal no vere godkjend, og me har fått munnlege stadfestingar på at den vil få tippeidlar og midlar frå Sparebankstiftinga. Arbeidet med klatreparken startar i vår.

-Skulen skal frå veke 10 ta imot 2 flyktningar i språkpraksis. Dette er flyktningar som noer busette på Hafslo. Dei vil vere på skulen 2 dagar for veka.

-I løpet av vekene 5-11 har me 15 studentar frå Høgskulen, og 2 elevar frå vidaregåande som er i praksis her på skulen

Merknadar til referatet vert arkivert saman med referatet.

Neste SU/SMU-møte er tysdag 10. mai kl 19.00-20.30.

Hafslo, 26.02.16

Kjell Ertesvåg  
-referent-